



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5914 - 14/26360

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.11.2014

Utsleppsløyve for 2 fritidsbustadar - gbnr 193/17 og 194/6 Mundal.

Administrativt vedtak. Saknr: 372/14

Tiltakshavar: Atle Raa
Olav Bjørnevoll
Ansvarleg søker: Hjelmås VVS AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for 2 eksisterande fritidsbustadar på gbnr 193/17 og gbnr 194/6. Utsleppet frå fritidsbustadane skal reinsast i felles slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til sjø

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.07.2014 med supplerande dokumentasjon sist mottatt 18.09.2014.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for fritidsbustadar. Byggeområdet er omfatta av det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak etter pbl §§ 20-1 og 20-2 kan godkjennast, jf punkt 1.1 i bestemmelsane til planen. Tiltaket ligg også innanfor byggegrensa for funksjonell strandsone i kommuneplanen.

Det er søkt om og gitt dispensasjon i vedtak datert 26.11.2014.

Nabovarsel

Utsleppet er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.



Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i datert 17.07.2014.

Reinseløysing

Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til sjø. Utsleppspunktet er opplyst ligg på 15 m djupne og med avstand 30 m frå land.

Drift og vedlikehald

Eigedomane skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Føretaket som per dato har kontrakt på slamtømming har i skriv mottatt 09.09.2014 stadfesta at slamtømming er mogleg innanfor den ordinære slamtømmeordninga.

Slamavskiljarar tilknytt fritidsbustadar skal tømmeast ikkje sjeldnare enn kvart 4. år, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avtale, datert 29.06.2014, mellom eigarane av gbnr 193/17 og gbnr 194/6 som regulerer rettar og plikter i samband med etablering av felles avlaupsanlegg.

Godkjenning etter andre lovverk

Det ligg føre løyve til etablering av anlegget etter plan- og bygninglova § 20-1 datert 26.11.2014. Det er eit vilkår at tiltaket ikkje kan etablerast før Bergen og Omland Havnevesen har gitt endeleg løyve til plassering av leidningen i sjø.

VURDERING

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova og finn at det omsøkte utsleppet ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldlova og dei omsyna den skal ivareta. Det er heller ikkje kjend at det er andre særlege interesser i området som vert råka.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre på vilkår som går fram av saksutgreiinga.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 2 fritidsbustadar i samsvar med søknad mottatt 25.07.2014 og supplerande dokumentasjon sist mottatt 18.09.2014, og på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet skal reinast i slamavskiljar av godkjend type før det vert ført vidare i tett og nedgraven leidning til sjø.**
- 2. Anlegget skal plasserast slik det går fram av kart datert 17.07.2014.**
- 3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmeast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 4. Det skal betalast årsgebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 5. Eigedomene skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp kalkulert < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5914.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle Raa	Stemmeveien 22	5009	BERGEN
Olav Bjørnevoll	Øvre Flaktveit 14	5135	FLAKTVEIT

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS	Leknesvegen 183	5915	HJELMÅS
----------------	-----------------	------	---------